



Lars Hodnekvam  
Mykingvegen 1376  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9143 - 20/28151

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
25.05.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr 39/3

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 39/3  
**Tiltakshavar:** Lars Hodnekvam

Alver kommune har den 07.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 05.05.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i kammer 3 i septiktanken på eigedommen din, med adresse Mykingvegen 1376, 5957 Myking. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå den, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

I følgje Norva24 AS er tanken ein gamal betongtank, som no er øydelagt, med sprekkar der kloakken renn ut i grunnen. Sprekkane er forsøkt tetta med byggskum i følgje Norva24 AS, men utan godt resultat. Anbefaling frå Norva24 AS er at tanken må skiftast ut. Du får ein **frist på 6 månader** til å gjennomføre dette arbeidet.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

### **Septiktanken må skiftast ut. Frist for arbeidet vert sett til 30.11.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å skifte ut tanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når tilstanden er utbeta, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Lars Hodnekvam

Mykingvegen 1376

5957

MYKING